

Plan for kulturminne Vaksdal kommune 2015-2018



Innhald:

Føreord.....	side 3
1.Om plan og prosess.....	side 5
2.Kommunen i eit historisk perspektiv...	side 9
3. Utfordring med kulturminne og kulturmiljø ..	side 16
4.Handlingsplan.....	side 28
Vedlegg med Kart over registrerte kulturminne.....	side 32
5. Kjelder/litteratur/dokumentasjon..	side 40

Bilda under viser nevertak på gamalt kvernhus på Stamnes under reparasjon, okt-2014. Her er 7 lag med never under torva. For å dekkja ein kvadratmeter med tak treng ein ca 10 kg med never. Prisen på never er kr 125 pr kg. Det er i tillegg mykje arbeid å leggja never og torva på taket. –Men det er vakkert. Då skjønar me kvifor folk tek i bruk bølgeblekk på taket i staden. Foto:S.klyve



Føreord:

Viktige kulturminne i Vaksdal kommune er no registrert. Arbeidet sålangt har munne ut i eit høyringsutkast til kulturminneplan for Vaksdal kommune. Me har komme med framlegg til tiltak i planperioden fram til og med 2018. Her har me tenkt både bruk og vern av kulturminna. Folk må verta kjende med kulturminna i sitt nærområde. Det må merkast fram til kulturminna og lagast info om kulturminna. Lokale kulturminneløyper er ein god tanke også sett inn mot eit folkehelse perspektiv.

Registreringa av kulturminne fekk i 2011 kr 100 000 frå Riksantikvaren. Arbeidet gjekk føre seg etter ein mal frå Riksantikvaren og resulterte i to rapportar.

Nr 1 tek for seg kulturminne knytt til gards- og jordbruk (hus, andre bygg og spor i landskapet).

Nr 2 inneheld arkeologiske kulturminne, bygningar, industri og næring.

I 2014 fekk me kr 100 000 frå Hordaland fylkeskommune til ferdiggjering av kulturminneplanen.

Me vil takka arkeolog Guro Koksvik Lund og Anita Vik for reistreringsarbeidet og innspel undervegs. Me vil også takka Arne Høyland for godt arbeid med slutføringa av planen.

Miljøvernrådsgjevar Sveinung Klyve har vore sekretær for den ferdige planen. S.Klyve har teke alle fotografia i planen, der ikkje anna er nemnt.

Helsing saksordførar Arne Normann, november 2014.

Planen var på høyring i januar/februar 2015 med folkemøte på Dale og Eidsland og vart vedteken i Vaksdal kommunestyre sak 90 den 14.12.2015.

1. Om plan og prosess

1.1 Innleiing:

Dette er eit utkast til kommuneplan for kulturminne i Vaksdal. Eg fekk i oppdrag våren 2014 å slutføra arbeidet med eit høyringsdokument og har gått gjennom tidlegare registreringar og databasar som er gjort i kommunen. Spesielt nyttig har registreringsrapportane frå 2012 med fakta og tilhøyrande fotomaterialet vore.

Arbeidet har munna ut i denne planen som er tenkt som informasjon til innbyggjarne, kommunetilsette, fylkeskommunen og andre interesserte om ulike typar kulturminne som er meir og mindre verneverdige i Vaksdal kommune. Kulturminna vert også her presentert på gardsnivå. Det er å vona at dokumentet kan supplerast med meir bilete, rettingar og fleire opplysningar under høyringsrunden og i planperioden. Dette dokumentet vil òg vera brukande som utgangspunkt for publisering i Riksantikvaren sin database *Kulturminnesøk*.

Dette dokumentet omhandlar også kort den historiske utviklinga i kommunen, lov og reglar knytta til kulturminnevernet, ansvar for forvaltning og skjøtsel av kulturminne, litt om fartøyvern, ein handlingsplan for komande fireårsperiode og til slutt vedlegg med liste og kart over dei mest verneverdige objekta i kommunen.

Litt av innhaldet på dei fyrste sidene har eg teke frå eit utkast til kulturminneplan som kommunen skreiv i 2011. Eg har hatt eit godt samarbeid med kommunen sine tilsette i dette arbeidet og det har vore svært nyttig for meg.

Til slutt må nemnast at det er mange kulturminne som ikkje er kome med i denne planen fordi registreringane som vart gjort i 2012 vart avgrensa til eit lite utval av kulturminne på dei fleste gardane i kommunen. Det står difor att å registrera resten av kulturminna i kommunen, som skal gjerast i den komande planperioden 2015-2018.

Det er å vona at planen vil vera til gagn for innbyggjarane i kommunen og inspirera eigarar og kommunetilsette til å verna om kulturarven kvar på sitt vis.

Arne Høyland, juni 2014

1.2 Kulturminne - ein ikkje-fornybar ressurs!

I meir enn 6.000 år har menneska sett sitt preg på området som i dag er Vaksdal kommune. Jegrar og sankarar i steinalderen gjorde ikkje store inngrep i landskapet, det skjedde først då menneska vart bufaste og byrja dyrke jorda for meir enn 2000 år sidan. Om lag frå Kristi fødsel og fram til etterkrigstida vart landskapet omforma til kulturlandskap gjennom rydding, dyrking, slått og beiting.

Vaksdal kommune er ein kommune med bratte fjell, tronge fjordar og vassdrag. I dette landskapet har kulturen utvikla seg med varierte kulturminne og kulturmiljø frå fjord til fjell. Her ved innløpet til Bolstadfjorden kom Vossalaksen inn frå havet, inn Osterfjorden, Sørfjorden og Veafjorden. Denne sjøvegen var også den gamle ferselsvegen mellom Voss og Bergen. Ut gjennom desse fjordane gjekk veaskutene med ved og andre bondevarer til bergensarane og sandskutene med singel og sand til bygging av brannsikre hus i Bergen. Her rodde steinaldermannen inn og ut alt etter årstidene for å jakta, fiska og sank mat i naturen. Seinare kom det folk frå Radøy og Meland inn for å leiga fjellbeite og bytta til seg bygningar og andre trevarer. Kulturminneplan for Vaksdal kommune skal vera eit bidrag til å gjere innbyggjarar og offentlege planleggjarar klar over kva ressursar som finst i kommunen.



*Til venstre; Starnes med innløpet til Bolstadfjorden mot aust og Veafjorden mot sør.
Foto: Per Gammersvik*



*Til høgre; Brørvikaskuto er ein kopi av ei veaskute frå Osterfjorden.
Foto: Sveinung Klyve*



På vestsida av den veglause Veafjorden, ligg garden Bukkestein. Langs fjorden er det mange kulturminne. Foto: S.Klyve

1.3 Oppstart av Planarbeidet

Det vart gjort politisk vedtak i Vaksdal kommunestyre den 22.06.2009 om at ein skulle starta arbeidet med ein plan for kulturminne i Vaksdal Kommune.

Mandat:

- Synleggjere kommunen sin kulturminnepolitikk ved å lage eit handlingsprogram for forvaltning av kulturminne utfrå prioriteringar gjort i samråd med sogelag/historielag, interesseorganisasjonar, antikvariske mynde og andre interesserte
- Fokusere på dei kulturminna som er gode kjelder til kunnskapsformidling gjennom sin bygningshistoriske, sosialhistoriske og næringshistoriske verdi, og skaffa eit godt oversyn over desse
- Sjå kulturminne og kulturmiljø i samanheng/som ein heilskap
- Utarbeide eit verktøy for å ta vare på dei mest verdfulle kulturminna i kommunen
- Forvalte kulturminne på best mogleg måte ved å sjå dei som ein verdi og ta omsyn til dei tidleg i alt planarbeid
- Gjere lokalbefolkninga medviten om kulturminne gjennom informasjon
- Nytte motivasjon og samarbeid som verkemiddel for vern
- Oppmode til medverknad frå lokalbefolkninga i forvaltninga av kulturminna
- Utarbeida ein brukarvenleg plan for kommuneforvaltninga og grunneigarar
- Inngå samarbeid med styresmaktene som har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturminna i kommunen

Fylgjande plangruppe vart satt ned og fungerte i perioden 2009- våren 2012.

Saksordførar (KrF):	Arne Normann
Politisk vald (H):	Anneli Vatle Lilletvedt
Politisk vald (Sp):	Karin Norheim Flatekval
Vaksdal Historielag:	Sigmund Simmenes
Biletarkivet:	Rolf Erik Veka
Rådgjevar miljø:	Sveinung Klyve (sekretær for planen)
Kultursjef:	Kristin Myrmel Henschien
Innleigd fagkonsulent:	Arne Høyland

Gruppa har hadde 7 møte i samband med planarbeidet.

Oppstart av arbeidet med kulturminneplanen vart markert med opninga av Gjedlali-løo i Straums-dalen på Stamnes 16.10.2009. Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd med fleire frå fylkes-kommunen sin kulturavdeling, Vaksdal kommune og Stamnes skule var også med. Arne Vassenden har gjort eit framifrå arbeid med å restaurera denne grindverks-løa. Foto: S.Klyve



I perioden 2.1-29.6.2012 gjennomførte Vaksdal kommune si eining for kultur ei kulturminnregistrering for å kunna laga ein kulturminneplan. Arbeidet vart utført av arkeolog Guro Koksvik Lund og lærar Anita

Vik. Prosjektet fekk kr 100 000 frå Riksantikvaren. Arbeidet gjekk føre seg etter ein mal frå Riksantikvaren og resulterte i to rapportar. Nr 1 tek for seg kulturminne knytt til gards- og jordbruk (hus, andre bygg og spor i landskapet). Nr 2 inneheld arkeologiske kulturminne, bygningar, industri og næring. Desse rapportane finn du på Vaksdal kommune si nettside under kultur.

Me fekk så sommaren 2014 kr 100 000 frå Hordaland fylkeskommune til å fedigjera vår kulturminneplan.

1.4 Mål for kulturminnevern:

Nasjonale mål (frå riksantikvaren):

- ”Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og ivaretakast som bruksressurser og som grunnlag for opplevingar og vidareutvikling av fysiske omgjevningar.”
- ”Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv som kunnskapsressursar og som grunnlag for oppleving.”

Fylkeskommunale mål for Hordaland (frå fylkesplanen):

Forvalta kulturarven i Hordaland slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida.”

For å sikra ei berekraftig utvikling er det definert mål og strategiar for følgjande hovudinnhald:

- 1) Sikra kulturminne og kulturmiljø av kulturell, geografisk og tidsmessig breidde med nasjonal, regional og lokal verdi.
- 2) Forvalta kulturminne som ein integrert del av ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.
- 3) Sikra og formidla kunnskap som er knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Framlegg til mål for Vaksdal kommune:

Det overordnede målet med ein kulturminneplan er å styrkja kommunen si evne til å ivareta kulturminna sine på best moglege måte.

Kommunen må få oversikt over kulturminna, og prioritera desse.

Ein må redusera faren for konflikt mellom verneinteresser og andre private- og samfunnsinteresser ved å ha ein plan for kommunen sin kulturminnepolitikk.

1.5 Definisjonar og klargjering av omgrep (frå Riksantikvaren)

Kulturminne - alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Automatisk freda kulturminne – er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er: faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946.

Faste kulturminne – er kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Lause kulturminne – kulturminne som kan flyttast.

Immateriell kulturarv – praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det me ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.

SEFRAK – Nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

Listeført – Alle kyrkjer bygde mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeført. Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.

1.6 Juridisk plangrunnlag

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminneloven)

LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

2.2 Nasjonalt nivå

Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner. Det kongelige miljøverndepartement

Regionalt nivå

Fylkesdelplan kulturminne ”Kultur viser veg” 1999-2010. Hordaland fylkeskommune. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Kommunalt nivå:

Kulturminneplanen for Vaksdal er ein tematisk kommuneplan, som ein må sjå i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel og kommuneplan for oppvekst. Eit planmessig arbeid med kulturminna bør vera eit tett og godt samarbeid mellom stat, fylke, kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar og privatpersonar om naudsynte ressursar.

Planperioden for temaplan for kulturminne i Vaksdal, er 4 år, frå 1.3.2015 – 31.12.2018.

2.Kommunen i eit historisk perspektiv

Skipshelleren er det mest kjende kulturminnet i Vaksdal kommune. Dette ein gamal steinalderbuplass frå ca 5000 år f.kr. Mange folk kjem for å sjå dette kulturminnet. Mange viktige kulturminne i området gjer at Vaksdal kommune på 1990-talet laga ei formidlingsprosjekt som dei kallar; Landskapsmuseet på Straume.

Det ligg ein fantastisk heller på Straume som vert kalla Skipshelleren og er i dag ein av dei klassiske arkeologiske funnstadene i landet vårt. Namnet "Skipshelleren" skal ha samband med at helleren i tidlegare tider vart nytta som opplagsstad for båtar om vinteren. Helleren ligg på sørsida av den stride tidevas-straumen Øvre Bolstadstraumen, som bind saman dei to fjordarmene Bolstadfjorden og Vikafjorden. Det rike fiske- og dyrelivet i fjorden og det mangeslungne plante- og dyrelivet på land, er nok den viktigaste forklaringa på kvifor folk busette seg på Skipshelleren i steinalderen, for opp til 7000 år sidan. Sjølv sagt var det også viktig at ein fann ein slik høveleg buplass i området. Vertilhøva gjorde også sitt til at plassen var attraktiv som buplass.

I 1930 gjorde arkeologar frå universitetet i Bergen utgravingar i området. Utgravingane var eit resultat av at lokale folk hadde sendt inn funn frå området rundt Skipshelleren som dei meinte måtte vera av interesse for universitetet.

Dei fekk rett! Under utgravingane frå 1930-31 fann ein rundt 175 000 bein og beinsplintar av dyr. Av desse var ein liten prosent frå fugl, noko meir frå fisk, men mesteparten frå pattedyr. Sjølv om ein fann ein del reiskapar av stein og flint, tykkjast det vera tydeleg at horn og bein var det viktigaste reiskapsmaterialet til steinalderfolket.

Meir om Skipshelleren på; www.skipshelleren.no



Straume med Skipshelleren i bukta til høgre. På høgre sida av brua går "Dragebryggja" Bildet til høgre viser folk under Skipshelleren. Foto:S.Klyve



Bildet over viser utgravingane i 1930-åra. Til høgre



Nokre av gjenstandane dei fann. Foto: Bergen Museum.

Landskapsmuseum på Straume:

Sidan 1960-åra har Vaksdal kommune utvikla eit landskapsmuseum på Straume ved Bolstadstraumen med Skipshelleren som hovudattraksjon. Dette unike området representerer viktige delar av den kulturelle identiteten til folket i Vaksdal kommune.

Dragebryggja:

Midt på 1850-talet vart det med statsmidlar bygd ein mur (ser ut som ei lang bryggje) på Straume på vestsida av Bolstadstraumen, den såkalla "Dragebryggja". På denne måten kunne dei roande koma seg forbi straumen langs land, når han gjekk på sitt striaste. *Dei to fotoa under.*



Bunadssylgje funne i strandkanten på Straume, som kan stamma frå ein av personane som drukna i den stire straumen i eit brudefylgje på Straume før Dragebryggja vart bygd.

Naustrekka på Straume

Denne ligg på austsida av straumen. Her ligg 4 naust tett i tett etter kvarandre, kvart naust tilhøyrande dei 4 hovudbruka på Straume. Nausta er truleg sette opp tidleg på 1800-talet, og alle nausta er bygde i i såkalla grindverkskonstruksjon. Denne byggeskikken har tradisjonar tilbake til førhistorisk tid. *Bildet under til venstre.*



Til høgre. Laksegilje på Straume, fortel om ein gamal fangstkultur etter laksen. Foto: Sveinung Klyve

Kallestadstova:

Kallestadbua er eit typisk vestlands "bualoft", som opprinneleg kjem frå Kallestad på Osterøy. Bua som er bygd på 1600-talet, vart i si tid flytta til bygdesenteret Stamnes, der det vart lagringsplass for "Dei Dyvikske Samlingar". Bildet under til venstre. Bildet under til høgre viser Toskedalsstova. Stova er teke ned og lagra og det er planlagt i ca 2017 å setja ho opp att på den staden ho sto i Toskedalen. Foto: Hildur Simmenes



Skulemuseet:

Skulemuseet ligg på austsida av Straumen, like ved fjorden, eller som dei gamle sa: "Me' Sjøno". Eit gammalt skulehus som ikkje har vore i bruk som skulestove sidan 1925, tener som museum. Her finn ein m.a. eit typisk klasserom frå gamle dagar og diverse skuleutstyr- og materiell som har vore i bruk opp gjennom tidene. I øvste etasje står ein langpult som var i bruk i omgangsskulen for over 100 år sidan.



Fjordkultur:

Laksegiljene langs fjordane våre fortel om ein gamal fangstkultur etter laksen. Det er 7 slike giljer som er teke var på i Vaksdal kommune. Dette har stor nasjonal verdi og er ein av få stader med slike i Noreg. Laksefisket og fjorden var ei viktig næring med kilenøt og sitjenøter og transport av varer.



Bilda ovanfor; Til venstre er av Laksegilja på Røyrtangen, Harald Langhelle sin laks på 36 kg er verda sin største atlantehavslaks og teke i sitjenot på Langhelle i 1949. (Foto: Harald Langhelle). Helge Furnes (senior) med båten full av laks med fangst frå kilenota på Furnes. (Foto: Helge Furnes)

Nedanfor: Gamle trebåtar frå Dyvik og ein stikkert som vart brukt til skjelgraving. Under isklubbe laga av naturleg trerot til å slå hol i isen Det finst ei stor mengd med faste og lause kulturminne rundt om i kommunen. Dei fleste er i private samlingar. Alle foto: Sveinung Klyve



1.2 Tidleg historie

Det området som i dag heiter Vaksdal kommune omfattar bygdene Eksingedalen, Eidsland, Stamnes, Dale, Bergsdalen, Stanghelle og Vaksdal.

Med i dette området høyrer også dei grendene i Vaksdal som ligg på Osterøya.

Ein veit ikkje kor lenge det har budd folk fast i området, men i steinalderbustaden

Skipshelleren er det sannsynleg at det har budd folk meir eller mindre samanhengjande i meir enn 7000 år.


Dei fleste gardane langs fjordane vart folkesette i jernalder og bronsealder. Også i Eksingedalen og Bergsdalen budde det folk frå bronsealderen, og dei fleste gardane i noverande Vaksdal kommune var truleg busette frå slutten av bronsealderen og i løpet av vikingetida (700 - 1000-talet). Gravhaugar mellom anna på Jamne, Tettaneset, Stamnes og Eksingedalen vitnar om dette.

Etter kvart som gardane gjekk over frå å vera i klostereige til å få sjølveigande bønder, har ein skriftlege kjelder for kven som har budd i Vaksdal. Oppteikningar for den allmenne saga og ættesoga finn ein lettast tilgjengeleg i bygdebøkene for Vaksdal, Modalen og Evanger i tillegg til Bergsdalsboka.

Oversyn over bygdebøker og andre publikasjonar finn ein her:

<http://www.vaksdal.kommune.no/artikkel.aspx?MIId1=7&AIId=184&back=1&MIId2=57>

Vaksdal som del av ein gamal kulturbiotop/samvirkelag i Nordhordland




I perioden 1991 - 2001 vart det gjennomført Båt- og sjøbruksregistreringar i Nordhordland og Voss. Det vart registrert forekomst av gamle bygningar, trebåtar, reiskapar og anna utstyr som høyrde til det gamle sjøbruket. Registreringane avdekkja to gamle økonomiske kultursystem i regionen der folk frå ytre og indre strok bytte varer og samarbeidde om å overleva. Det eine systemet, *Fjonsystemet*, ligg nord i regionen der folk i Masfjorden bytte varer og tenester med folk i Austrheim, Radøy og Fedje. Det andre systemet, *Ostrasystemet*, ligg i søre delen av Nordhordland der folk i Indre Osterfjord bytte varer med folk

frå Søre Radøy, Meland, Askøy og Øygarden. Det var mangfaldet av naturressursar frå havgardane i vest til fjellgardane i aust som gjorde kultursystema bærekraftige. Kultursystema kan også samaliknast med ein organisme. Med det som utgangspunkt kan ein seia at fjordane var hovudpulsåra i organismen, folket var hjarta som pumpa livgjevande næring til alle delar av regionen. I denne *organismen* var båtene det viktigaste transportmidlet.



Gardsbruka i ytre og indre strok dreiv ein form for samdrift i gardsdrifta som gjorde at folk og fe kunne overleva uten noko særleg med pengar. Blant dei mest sentrale varene i bytehandelen var produkt som var basert på fiskeprodukt, åkerprodukt, stølsvarer, skogsprodukt som nye og brukte bygningar, bygningsmaterial, ved, never, bark, staur, vidjer/homleband m.m.. Dette handelssamvirke går truleg langt attende i tid, kanskje attende til den halvnomadiske kulturen og avskoginga i ytre strok og framveksten av lynghaikulturen.

Bruk og forekomst av transportmiddel i den førmotoriserte tida er ofte gode indikatorar på karakter av landskapet. Transportmidla var ein svært viktig del i produksjonslina gjennom heile årssyklusen der konstruksjon, materialbruk, storleik og forekomst avspeglar tilpassingar til landskapet. Det som særleg var med og påverka val av type transportmiddel var topografi, jordsmonn, klima, sjø og vassdrag. Mangfaldet av transportmiddel ser ut til å vera størst i indre strok i møte mellom fjord, fjell og vassdrag der desse transportmidla gjerne vart brukt: taug/børataug, kiper, rodde, ski, truger, skreisko, kjelkar, sledar, ferger, elvebåtar, ferjer, sjøbåtar, skuter/jekter, tømmerflåtar. Går ein leger ut mot kysten og havet så minkar det på mangfaldet, og sameleis når ein går inn dalane og opp til fjellgardane.



Registreringane avdekka også mønster i byggjeskikken. I *Fjonsystemet* lengst nord, er det grindverk og steinmuring som dominerer naustbygningane medan i *Ostrasystemet* er det stor forekomst av tømmernaust i ytre og midtre strok. Lenger inne i Indre Osterfjord kjem overgang til opne grindbygde naust. Dette er ein nausttype som også vart brukt på dei fleste gardane i Eidsfjorden, Veafjorden og Bolstadfjorden. Dette forklarast med at nausta vart nytta til produksjon, tørking og lagring av ved. Nausta var både produksjons- og lagerlokale

og veden gjekk hovusakleg til Bergen og folket i ytre skoglause strok. I nyare tid også til tettstadane Arna, Dale, Vaksdal.

Sjøbruksregistreringane viste òg at det var eit større mangfald av bygningstypar i indre fjordstrok.

2 b) Historisk administrativt oversyn

Vaksdal kommune er sett saman av område som tidlegare har høyrte til Bruvik, Modalen og Evanger kommunar, som kvar for seg opprinneleg høyrde til ulike tinglag og prestegjeld. Dette gjer det heller vanskeleg å visa kronologisk, administrativt oversyn over Vaksdal kommune.

I formannskapslova av 1837 heiter det at "I ethvert Præstegjeld paa Landet skal det være et Formandskab...". Difor var dei første "kommunane" stort sett inndelte etter prestegjelda. I området for noverande Vaksdal var det såleis Haus, Hosanger og Voss som hadde sine formannskap. Evanger vart skilt ut frå Voss som eige prestegjeld i 1892.

I 1870 vart Bruvik eigen kommune. Hosanger frå 1910 Modalen og Evanger hadde som før sine deler av Eksingedalen og Bergsdalen.

Den siste reguleringa kom i 1964 då samansetjinga av noverande Vaksdal kommune vart fastsett.

2 c) Næringsliv

Landbruk og sjøbruk har vore hovudnæringa i Bruvik/Vaksdal heilt til dei store industriføretaka kom. Alle gardbrukarane har vore meir og mindre sjølvberga med dyrking av korn og poteter og med kjøtt og mjølkeprodukt av egne husdyr. Uteslåtten var viktig for mange gardar i Vaksdal og mange av gardane hadde stølshus og fjellbeite som gav dei eit ekstra bein å stå på. Ein del av gardane leigde ut fjellbeite om våren og sumaren til folk som kom inn med kyr, geiter, smale og hestar. Både Eksingedalen og Bergsdalen har teke imot husdyr på denne måten frå gardar lenger vest i Nordhordland. Dyra vart gjerne kalla for *hagabeist* sidan dei beita i sumarhagane til fjord og fjellfolket. Men det var òg nokre gardar ved fjorden som hadde gode *vårhagar*, med tidleg grasvekst om våren. Desse gardane var då brukt som mellomstasjon for geiteflokkar som seinare skulle til fjells på sumararbeite. I Vaksdal har m.a. gardane Leiro, Fyllingslid og Faulstad hatt gode vårhagar og har teke imot geiteflokkar som seinare vart ført vidare til Eksingedalen, Bergsdalen og Øvstedal på fjellbeite/sumararbeite.

Sandfarten:



Bildetekst: Folk fekk seg små skøyter til sandfrakt. Til høgre: Odd Helland med fleire har samla fraktehistorien i sitt vesle museum "Sjøtun" på Stamnes. Her er både båt, motorar, sandgrabb osv.

Ei anna næring som vart særleg viktig for folk i Stamnessoknet sist på 1800- og 1900-talet var sandnæringa. Det byrja med produksjon av leira til Hjelmås Teglverk sist på 1800-talet. Deretter vart det levert muresand til Bergen frå slutten av 1800-talet og langt fram på 1900-talet. Dette var for å redusera husbrannane i Bergen. På Straume starta dei med produksjon av bremsesand til trikkane i Bergen, men elles vart det gravd ut og levert sand på Stamnes, Stamnesleiren og på Eidsland. I tillegg til sandproduksjonen var det òg starta opp storproduksjon av gatestein på Stamnes sist på 1800-talet, steinen vart levert til Bergen. Det vart og hogd gatestein på Straume. Dette skapte stor aktivitet med sandskuter og sandfart som vart dreve av lokalbefolkningen i Stamnes. I Sørfjorden, på gardane Faulstad, Skreien, Stavenes og Hana, vart det og dreve steinbrot med produksjon av gatestein, notestein og byggningsstein. Her vart mykje av steinen levert med jernbana då den kom i slutten av 1800-talet.

Ei anna næring som var svært viktig for mange i fjordane var laksefisket, med bruk av sitjenot og laksegilje. Dette fisket utvikla seg til ein spesialitet for dette området med mange lakseplassar med laksegiljer og laksehytter som er unik i norsk og truleg Europeisk samanheng. Framleis vert det prøvefiska etter laks med sitjenot og gilja.

Skogen var ei svært viktig del av inntektene for mange med produksjon av ved, never og bark til Bergen og skoglause gardar i ytre strok. Dei som budde på ein gard med furuskog var sjølvhjelpen med materialar til eiga husbygging og vedlikehald. Men floraen i Vaksdal er slik at furuskog er mangelvare på mange av gardane i kommunen og på dei gardane så har det vore vanleg å skaffa seg bygningsmaterialar frå gardar med furuskog i nærområdet.

Der er særleg i nordre delen av kommunen, langs Indre Osterfjord, Eidsfjord og Bolstadfjorden ein finn gardane med furuskog, når ein kjem lenger sør i Vedafjorden og Sørfjorden så vert det lite og til dels tomt for furuskog. Her er det mest bjørkeskogen som rår. Det same skjer når ein trekkjer opp gjennom Eksingedalen, gardane Eide, Møster, Eikefet, Eikemo, Høvik og Vetlejord har bra med furuskog, men lenger oppe minkar det mykje på furua. Gardane i midtre del av Eksingedalen har såleis fått husaskog frå gardane lenger nede i dalen, og i øvste delen av Eksingedalen kunne dei henta furu frå Myrkdalen i Voss, materialen drog dei heim over fjellet med slede vinterstid.

Slik er det og med mykje av dei gamle trebygningane i Bergsdalen, her gjekk dei gjerne over til Bolstad i Evanger og drog furumaterialen heim vinterstid på slede over fjellet.

Måten det har vore skaffa bygningsmaterialar på er tufta på gamal tradisjon i ei tid det ikkje var bil og jernbanetransport. Kunne dei frakta det med båtar var det den beste løysinga, men i innlandet måtte materialar og andre varer transporterast med hest og slede eller berra med handamakt. Skogagardane nord i kommunen har også vore viktige for levering av bygningsmaterialar og ferdighus til skoglause gardar lenger vest i regionen og for framveksten av trebyen Bergen.

I Nordhordland så var det stort sett nytta torvtak i game dagar, og for at taket skulle halda tett vart det fyrst dekkja med never og deretter la dei på torv for å halda nevra på plass. Det vart difor ført ut store mengdar med taknever til gardane i ytre strok. Dette var varer som gardane i indre fjord- og fjellstrok kunne produsera og føra ned til fjorden og så vidare med båtar og skuter til Bergen, arna og dei andre tettstadene som vaks fram på 1800-talet. Det kom også folk frå ytre strok inn i fjordane for å byta varer og tenster mot skogsprodukt som t.d. never og bark. Bjørkeborken var ei viktig vare for fiskarane i ytre skoglause strok, den vart brukt til impregnering av segl, tau, garn, nøter, fiskesnøre, liner og til barking av huder.

Fabrikkmiljøa:

Sist på 1800-talet vart det etablert to store industriføretak, det ein var Vaksdal Mølle og det andre Dale Fabrikker. Dette førte til at Dale og Vaksdal vaks til to småbyar med mange tilflytta arbeidarar. Denne industrien førte også til at kommunesenteret vart flytta til Dale.

Tekindustrien på Dale og Mølle drifta på Vaksdal var banebrytande på landsbasis.

Tettstaden Dale ligg mellom vakre og bratte fjell, omgjeve av Vestlandet sine fossar og fjordar. Her vart Dale of Norway grunnlagt i 1879 på grunn av lett tilgang på ull og energi frå lokale fossefall, og sterke strikketradisjonar i distriktet. Siden då har selskapet utvikla ei rekke imponerande design i dei beste kvalitetar, anerkjent over heile verda. Dalegensaren er i dag verdskjent. Dale fabrikkar syselsette på det meste oppi 1000 personar. Det kom kvinner frå heile Noreg som fekk jobb der. Dale of Norway set frå sommaren 2015 i gang med omvising i fabrikk på Dale for turistar for å visa produksjonen.



Foto: Dale fabrikker har sidan 1890-åra sett sit preg på Dalebygda. Bearbeiding av ull og bomull har gjeve eit stort spekter av produkt. I dag er det kun produksjon av ulltøy att på Dale.



Over: Vaksdal Mølleanlegg med bygningar i mange trinn frå dei siste 100 år. God kai har vore viktig.

Vaksdal Mølle, norsk mølleindustri sett i drift av Gerdt H. Meyer i 1872. Tufta på vatn frå vassdraget like ved. Etter brannar i 1890 og 1899 vart nye og tidsmessige møller gjenoppbygd, og Vaksdal Mølle var i starten av 1900-talet Skandinavias største møllebruk. Fra 1916 vart Vaksdal Mølle fyrst leigd og i 1919 kjøpt av staten. Vaksdal Mølle og korn- og melhandlerfirmaet I. C. Piene & Søn i Trondheim vart i 1991 sammensluttet til Stormøllen, senere som en del av Norgesmøllene.

Sidan desse bedriftene sysselsette så mange menneske, utvikla det seg heller få små- og mellomstore bedrifter i Bruvik/Vaksdal. Likevel har det i periodar blomstra opp annan industri som møbelproduksjon på Eidsland, som av mange vert rekna som starten på norsk møbelhistorie, med tre møbelfabrikkar. Pelsdyravl var ein periode også ei viktig næring på gardane. Det var også motorverkstad på Stamnes. Heilt fram til siste halvta av 1900-talet har likevel landbruk, sjøfart og fiske vore basisnæringa for bygdene utanom Vaksdal/Stanghelle/Dale, der dei store industriarbeidsplassane var lett tilgjengelege.



Kraftanlegga til BKK frå 1920-åra og framover har vore banebrytande i nasjonal samanheng. Bildet er av Dale kraftverk og Storefossdammen frå 1926. Foto: S.Klyve




Ikkje materielle kulturminne

Mange personar er opptekne av ikkjematerielle kulturminne som stadnamn, segner, songar, historiar m.m. Det manglar enno ein del viktig dokumentasjon for å gå laus på prioritering. Dokumentasjon, gjerne gjennom videoopptak av samtalar med gamle personar ville vera ein god måte å setja i gang dette på. Stadnamnsamlinga som Vaksdal kommune i si tid sette i gong vart ikkje gjort ferdig. Dette bør ein difor ta opp att og sjå nærare på.

Kulturminne i fjella:

Det er ikkje gjort systematisk registrering av kulturminne i fjella som dyregraver, fangstanlegg, murar, stølshus m.m. I Eksingedalen har grunneigarlaga fått merka stien til alle stølane og laga infohefte om stølane.


2 d) Kommunikasjonar




Spesiell båtkultur i Vaksdal.

Frå gammalt av var det fjordane som var hovudvegane i vårt område.

I ytre strok av Nordhordland er det brukt færingar/småbåtar med tre bordgangar. Lenger inne i fjordane er det mest firborda båtar som er nytta. Dei firborda båtane i indre strok av Nordhordland er geitabåtar/råseglbåtar. I ytre strok på Fedje og Austrheim er det og nytta firborda båtar, men det er for det meste båtar av nordfjordstypen. Dei treborda båtane som er brukt i ytre og midtre strok er oftast oselvarar, ein variant av hardangerbåten.



Registreringane synte at mangfaldet av båtar og liknande sjø- og vassbaserte transportmiddel var størst i midtre og indre fjordstrok. Ferje, pram og eike er variantar av namn om flatbotna båtar som for det meste er brukt i indre fjordstrok og vassdraga. Ferje er mest brukt som namn i indre strok, medan i ytre strok er det pram eller eike som vert brukt. Men i ytre strok er denne båttypen svært lite nytta.




Det vert brukt ulike namn på båtane i indre og ytre strok. Færing vert brukt om den minste båtstorliken, vanlegvis med to rom + fram og bakskut. Men når ein kjem opp i båtar med tre og fire rom endrar namna seg frå indre til ytre strok. Det ser ut til at endringane i namnebruken kjem med den nye båttypen, geitabåtane, råseglbåtane i indre fjordstrok. Om båtar med tre og fire rom seier dei i indre strok tre- og firkeiiping medan i ytre strok seier dei seksæring og åttring. I Vaksdal seier dei færing, storebåt, seksæring, åttring og skut.

Busetnaden var langs strendene og dei første vegane som vart bygd, gjekk frå sjøen og opp i dalføra. Med jernbana mellom Bergen og Voss i 1883 og Bergensbanen til Oslo i 1909 låg kommunen midt i "smørauga". I 1991 kom stamvegen gjennom kommunen og ein fekk betre kommunikasjon både aust- og vestover, medan vegnettet til resten av kommunen har vore prega av heller dårleg standard heilt fram til nyare tid.



Bildet til venstre er frå bygginga av vegen mellom Straume og Eidsland og var på den tid Noregs dyraste veganlegg og kosta 1 millionar kroner. Brua forbi Hesjedalsfossen, var ferdig i 1930. Til høgre gamalt bilde frå Vossebanen ved Dalevågen. Utlånt prospektkort frå Arve Rødland.



I tillegg til det gamle sjøvegen, var det også gamle ferdse- og driftevegar i fjellet. Ein av hovudvegane med fedrifter frå Voss kom ned i Bogaskaret der det vart slakta og ført til Bergen. Men skulle det først levande dyr til Bergen gjekk drifta frå Bergsdalen over fjellet til Nordviksætra ved Fitjarvatnet i Samnanger. Her gjekk driftevegen vidare til Hisdal, over Gullskaret til Bergen.

Militærvegen:

Ein annan viktig veg som vart bygd mellom 1926 og 1929 er militærvegen mellom Samnanger og Vaksdal. Det er ein oppmura veg/sti som byrjar inne på tunet på Småbrekke som går vidare til Storlitjørna, Gullhorgaskardet til Kvitingen i Samnanger. Opphavleg vart han bygd for å frakta militært utstyr med hest og vogn. Vegen frå Småbrekke til Samnanger si kommunegrense vart bygd av bergsdølar som vart betalt av militæret. Vaksdal kommune har laga ein geologisk natursti i Bergsdalsfjella og i juni 2014 vart det opna ei ny turisthytte i området som gjer det lettare å overnatta i fjellet. Her er det òg reist ein minnestein over slaget ved Gullhorgtjørna, ei segn om kampen mellom Vossakongen og Samnangerkongen. Samnangerkongen tapte og kasta gullbordet sitt (alterbordet) i ei tjørn som sidan vart heitande Gullhorgtjørna.



Arbeidslag på militærvegen Moastølen.

Foto over: Til venstre rekonstruert situasjon frå bygginga av militærvegen. Til høgre autentisk bilde av arbeidjengen ved Moastølen på slutten av 1920-talet.

Reislevegen i Eksingedalen:

Historia syner at det alltid har vore eit slit å laga brukande framkomstvegar for folket i Eksingedalen. Dalen er mest fem mil lang, og naturen er vakker, men terrenget er utfordrande. Eksingedalen er ein trong v-dal, og elva



Ekso renn langs dalbotn. Dei fleste gardane vart rydja langs elva, men mange stader gjekk høge fjellhamrar rett i elva og stengde for ferdsel gardimellom. Det var ofte meir naturleg å ferdast over fjellet til nabobygdene enn langsetter dalen når dei hadde ærend til sjøen og til handelsmann eller kyrkje. Sjølv sagt var det mange stader bratte stigningar over fjellet, men likevel meir framkomeleg til nabobygdene på andre sida, og så vidare til sjøen derfrå, enn nedover dalen til Eidsfjorden.

Den gamle Reitlevegen, eller kløvjevegen, gjennom Eksingedalen var lenge gløymt av folket i dalen. Ikkje så merkeleg det, bilen var og er tida sitt framkomstmiddel, så kva skulle ein med ein gamal kløvjeveg som ingen lenger hadde bruk for? Eksingedølen er realist og ser kva som har praktisk nytteverdi. Frå år 2002 byrja grunneigarane å merka parti av vegen og laga infomateriell om denne. Ein kan difor i dag gå deler av vegen. *Foto: gammalt bilde av tranport av hest på «ferje» over Ekso.*

Vegen Grøttå – Heggebotn/Hesjedal:



Vegen går opp stupet frå Grøttå og endar i Heggebotn med ein sideveg opp til Hesjedalen bruk 1 og 2. Den blei påbegynt i 1909, og det tok ca 55 år å fullføre strekningane. Mykje av arbeidet blei utført av bygdefolket sjølve som såkalla pliktarbeid, dvs kvart bruk vart pålagt ei viss mengde dagsverk vegarbeid pr år. I mai 2013 tok eit ras med seg ca 10 m av den gamle køyrevegen mellom Grøttå og Heggjebotnen. Raset gjekk i fjellet ca 1 km opp for Grøttå på ein stad kalt Høgaløppet. Det er bratt berg både over- og under vegtraseen, og uforsvarleg å passera til fots slik det no ligg. Det ligg steinar på oppsida som kan detta ned og vegfoten er knust vekk slik at det i dag berre er ein smal passasje

forbi. Kostnad for å reparera vegen er om lag kr 500 000.

Saka er behandla i Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 35/2015 Der det vart gjort slikt vedtak: Vaksdal kommune vil ikkje prioritere å bruka kr 500 000 på å reparera Grøttåvegen etter raset i 2013. Kommunen ser på vegen som eit viktig kulturminne som fortel historien om ein gamal ferdsleveg frå sjøen og opp i Botnen. Vaksdal kommune tek han difor med i tiltakslista i kulturminneplanen og prøvar å få tak i eksterne midlar frå fylket m.fl til å reparera vegen i den stand han var før raset. Vaksdal kommune er positiv til å delta med midlar og tek eit initiativ til å få til eit spleiselag med fleire aktørar for å utbetre denne vegen.

Bildet er frå Botnen på den gamle vegen Grøttå-Botnen på Osterøy. Foto:S.Klyve

Vegen Veo-Bukkestein:



På den veglause sida av Veafjorden, mellom Veo og Bukkestein går det ein ca 1 km lang veg som er delvis oppmurt. Denne fungerte som lokalveg og skuleveg mellom dei to grendene. Vegen er i dag fin å gå på tur for dei som kjem over med båt. *Foto: Parti frå vegen gjennom ura. S.klyve*

2 e) Skule og kultur

Medan ein på det meste i det som i dag er Vaksdal kommune hadde 17 skular, er det i dag att berre fem. Betre kommunikasjonar og ikkje minst nedgang i folketalet er to viktige grunnar for dette. Kulturlivet blømde livleg i kvar ei grend.

Den vidstrakte kommunen har sju kyrkjer, som alle er i bruk både til kyrkjelege handlingar og til konsertar.

Foto: Flatekval kyrkje i Eksingedalen.



3. Utfordring med kulturminne og kulturmiljø:

3.1 Kulturmiljø

Det er mange varierte kulturmiljø i Vaksdal med ulike typar bygningar, gjendstandsamlingar, og kunnskap om tradisjonell levemåte. Truleg er det nok av variasjon til at alle grendene i kommunen kunne ha sitt eige vesle museum med utsilling og formidling av lokal kultur. Variasjonen går frå fjellgardane oppe i Eksingedalen og Bergsdalen med setermiljø i fjellet og leigebeite, gardar langs elva nedgjennom dalane med naust, ferjer, prammer og symjeplassar for dyr, laksegardardar med fjorden i Mellesdalsundet, laksefiskarmiljø, steinhogging- og sandgrupemiljø, industristadene/tettstader med tekstil og mølledrift, skogsgardar med fjorden med sagbruk, ferdsighusproduksjon og tønneproduksjon, notbruk- og skjelgraviingsgardar, vedagardar med skuter og produksjon av ved, never og bark, Stamnes som gamal kyrkjestad og sentral stad i førindustriell tid og seinare senter for sandfart med mekanisk verkstad og slipp, Straume som tusenårsstad med Steinalderbuplass og vanskelege straumtilhøve med båtvrak, losstasjon, dragebryggja, Veafjorden og Sørfjorden med veglause og brattlendte gardar med mykje bruk av handamakt i transporten og gode vårhagar, Bolstadfjorden med båtbruk i meinis, båtdragning på is, transport med isasledar, og transport av høy ned bratte lier av høy med drageslede drivhus og fruktdyrking, løypestreng og taubanemiljø finn me både i fjordane og i dalane.

3.2 Forvaltning

Eit kulturminne kan vera meir og mindre verneverdig, nokon av dei er eigd av privatpersonar, andre av bedrifter, organisasjonar og ein del av kommunar, fylke eller stat. Dei mest vernverdige kulturminna er freda ved lov, det gjeld bygningar bygde før 1650, alle funn av faste og lause kulturminne frå tida før 1537, samiske kulturminne eldre enn 100 år og marine kulturminne, d.v.s. kulturminne som ligg i sjøen som er over hundre år. Forvaltingsansvar for desse kulturminna er det fylkeskommunen og Staten som har og det er dei som kan avgjera om kulturminna oppfyller krava til fredning. I tillegg til dei automatisk freda kulturminna, kan eigaren og kommunen søkja fylkeskommunen om å gjera spesielt vedtak om fredning av lokale kulturminne som elles fell utanfor lovverket om fredning men som er så spesiell og verdfull at det trengs eit ekstra sterkt vern. Kommunane skal arbeida vidare med

kulturminneplanen med supplerande registreringar og oversyn over dei viktigaste kulturminna i kommunen, med handlingsplan for vidare arbeid med skjøtsel av desse.

3.3 Skjøtsel

Skjøtsel av kulturminna er viktig dersom dei ikkje skal gå tapt. Riksantikvaren er m.a. oppteken av å redusera tapet av den kulturhistoriske bygningsmassen, frå 20-30 % årleg tap ned til 2%. For å lukkast med dette krev det ein stor snuoperasjon i både forvaltninga og blant eigarane. Eit hovudproblem er at dei fleste eigarane av eldre byggverk ikkje kan det gamle handverksfaget, dei manglar tilgang på rett material, manglar den materialkunnskapen og dugleiken i byggfaget som skal til for å utøva eit antikvarisk korrekt vedlikehald. Regelen er at det som vert skifta ut på ein bygning skal erstattast med same type material, av same kvalitet, med same teknikk og verktøy. Sidan det er svært få som kan dei gamle tradisjonelle handverka vert desse prinsippa vanskeleg å gjennomføra på privat basis, må ein leiga inn spesialistar som det er svært få av og som kan faget og det må tingast spesialvirke som kan føra til ekstra kostnader. Difor vert det viktig å kunna gjera lokale bygningsmenn, eigarane og innbyggjarane mest mogleg skikka til å utøva vedlikehaldet sjølv, og kommunen og fylket bør gå saman om å utvikla lokal kompetanse på vedlikehald av gamle verneverdige bygningar. Den lokale tradisjonen og regel for materialbruk i eldre trehus i Vaksdal har vore basert på bruk av furu som bygningsmaterialar i tømmerhus.

Eit godt døme på dette er eit arbeid som vart gjort på ei uteløa på Straume i Stamnes. Her vart den gamle uteløa reparert med lokale materialar av lokal eigar og entusiast i lag med ein bygningsmann med kunnskap og røynsla innan antikvarisk bygningsarbeid. Gamle rotna sperr og veggdelar vart skifta ut med med nytt av liknande type og nytt nevertak med torvdekke vart lagt slik ein tradisjonelt truleg ville gjort det. Toskedalsstova er eit gammalt freda bygg som er teke ned, men det er planen å setja opp att i 2015-2016 i Toskedalen der det stod. Riksantikvaren har gjeve midlar til dette.

Denne opplæringsmodellen kan brukast og utviklast meir i det komande arbeidet med reparasjon av verneverdige bygningar i Vaksdal. I kommunen er det fleire bygningar som er svært verneverdige og som ventar på å verta sikra og reparerte på ein god måte. Det ville då vera fint å kunna invitera med seg lokale bygningsmenn og andre interessert til å vera med på reparasjonane av desse bygningane og på den måten koma i gang med oppbygging av lokal kompetanse på lokal byggjeskikk.

3.5 Plan for fartøyvern i Vaksdal

Gjennom Båt- og sjøbruksregistreringane i Vaksdal i 1999-2001 vart det framskaffa eit oversyn over forekomsten av små og opne trebåtar. Til saman vart det registrert 48 båtar og 5 ferger i Vaksdal og av desse vert 22 båtar og 5 ferger vurdert som spesielt verneverdig.

I 2009 i samband med oppstart arbeid med kulturminneplan, laga Arne Høyland eit utkast til sikringsplan for dei mest verneverdige objekta i kommunen. I denne planen vert m.a. dette med vern av små og opne båtar teke inn som eit punkt som då m.a. omfattar mindre klinkbygde tradisjonsbåtar av den typen som vart registrert under Båt- og sjøbruksregistreringane i Voss, Vaksdal og dei andre Nordhordlandskommunane.

Sidan Vaksdal ligg midt i overgangsområdet mellom to sentrale båttypar i Norge, den treborda – og firborda færingen, vert det nasjonalt viktig å sikra dokumentasjon og formidling av båtkulturen i Indre Osterfjord, Eidsfjorden, Bolstadfjorden, Veafjorden og Sørfjorden. Dokumentasjon er allereide gjort, med det står att å sikra gamle båtar som dokumenterer

desse båttypene. Her kan ein samarbeida med Fylkeskonservatoren i Hordaland og Riksantikvaren.

Verneverdig sjøbruksutstyr, gamle båtdelar og andre ting.

Når det gjeld vurderinga av verneverdien av sjøbruksutstyr, gamle båtdelar og andre ting som vart registrert, så er det førebels ikkje gjort vernevurderingar.

Det vert likevel opplyst i brevet til eigarar som har kulturminne som synest vera spesielt verneverdig. Dersom eigarane av t.d. plassmangel eller andre årsaker vil kvitta seg med kulturminna sine eller gje dei til eit museum, så ynskjer kommunen å verta kontakta om det slik at ein eventuelt kan sikra dei mest verneverdige sjøbruksrelaterte kulturminna i eit lokalt eller regionalt museumsmagasin.

3.6 Bruk av kulturminna:

Ein viktig effekt av ein kulturminneplan er å byggja opp identiteten og tilgjenge til kulturminna i nærmiljøet. Dersom kulturminna vert jamnleg brukt eller vist fram, er dette ein viktig del av merkevarerbygginga i kommunen, slik som ein har fått til med Vaksdal kommune sin visjon «Bynært Bygdeliv».

Fram til ca 1995, hadde ein nokre somrar guiding på landskapsmuseet på Straume. Det kom så lite folk på dette at det vart kutta ut. Ein del turistar er på jakt etter å sjå Skipshelleren, men i dag er det ikkje lenger noko fast guding der. Det er heller ikkje vegskilt på E-16 som viser vegen inn til området der Skipshelleren ligg. Kommunen har også hatt eit forprosjekt utarbeidd av Skirnir i 2009 der ein såg på Vossolaksen, laksegiljene m.m. som ein turistattraksjon. I 2008 laga Skirnir ein film til NRK med tittel «Trua på ein draum – den siste laksegarden i Bolstadfjorden» Her fylgjer me familien på garden Furnes i historien og gardsdift og laksefiske. Ein oppfylgjar av denne filmen kjem på NRK i 2015.

Det har også vore prøvd å få til prosjekt med vising av fiske med sitjenot på Stamnes. Dei siste ca 10 åra har ein vore så heldige at det har vore forskingsfiske på laksegilja på Skolmen, slik at folk har kunna sjå dette fisket frå bilvegen, eller ha fått båtskyss over til gilja.

Bilda under viser laksefiske på laksegilja på Skolmen med Eirik Normann i august 2011. Vaksdal er einaste staden i Noreg der ein framleis har inntakte laksegiljer som kan fiskast på.



Kulturminneprosjekt i skulen:

Vaksdal Kommune har og ei rekke aktivitetar i samband med Den Kulturelle Skulesekken og Den Kulturelle Spaserstokken. Desse aktivitetane vil ein òg kunne knytta opp mot oppleving av kulturminne i kommunen. Vaksdal Kommune sitt kulturstipend vert delt ut årleg, til personar som har gjort ei særskild innsats i kulturlivet innad i kommunen.

I 9 år sidan 2006 har Vaksdal kommune vore med i eit kulturminneopplegg i den kulturelle skulesekken i Hordaland. Me har farta rundt til ulike kulturminnen i kommunen og på desse åra har **ca 900 elevar og lærarar delteke**.

Det er Midthordland Kompetanseregion som står bak opplegget.

Der dei har leigt inn Hordamuseet ved arkeologane Espen Kutschera , Ole Mikal Olsen. Lokale instruktørar i Vaksdal kommune har kvart år vore lærar Anita Vik og miljøvernrådjevar Sveinung Klyve. 2 dagar kvar haust har dei komme til Vaksdal og hatt kulturopplegg for skulane i kommunen. Fortrinsvis for 4-5. klasse, men også 1-3 og 6-7 klasse har vore med når det har vore ledig plass.

Prosjekta:

2006: Steinalderdagar i Skipshelleren, 2 dagar. Kokegrop med steiking av villaks, koking av graut i klebersteinsgryte, pil og boge, laga teikning av helleristingar, bruk av flintkniv, prøving av klesdrakter. 60 elevar frå skulane: Eidsland,Stamnes,Vaksdal

2007: På jakt etter vikingetida i Vik på Stamnes, 2 dagar. Info om gravhaugen Leitehaugen og Rohaugen på staden. Bogeskyting, spinning av ull, klinking av båt, eldslaging med flint, koking av graut i klebersteingryte, prøving av klesdrakter. 77 elevar frå skulane: Stanghelle,Dale,Bergsdalen,Stamnes, Eidsland,Eksingedalen.

2008: Fjordkultur dagar i Skipshelleren, 2 dagar. Rotur med Brørvikaskuto saman med skutefolket. Læring av båtbruk og knutar. Kokegrop med steiking av villaks, koking av graut i klebersteinsgryte, pil og boge, lagning av fiskesøkke i kleberstein,prøving av klesdrakter. 150 elevar frå alle skulane i Vaksdal + Bolstad skule.

2009: Jernalderdagar på Tettanaset på Stanghelle, 2 dagar. Etter generell intro om funna av gravrøysar i området, vart det stasjonar der borna fekk prøva: Pil og boge, karing og spinning av ull, båtklinking og eldslaging med flint. 45 elevar frå Stamnes skule,Dale skule, Stanghelle skule.

2010: Fjordfiskedagar på Stamnes. Saman med Skutefolket, fekk skuleborna segla med Brørvikaskuto, dra fiskefangst, klinka båtbord og laga seg fiskereiskap.Garn vart sett ut og fiskefangsten var steikt på bålet. 55 elevar frå Skulane, Dale,Stanghelle, Stamnes

2011: Gravhaugen på Lavik i Eksingedalen, 2 dagar. Info om gravhaugane på Lavik. Koking av graut i klebersteinsgryte, bogeskyting, karing og spinning av ull, eldslaging med flint. 120 elevar med frå skulane; Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og Eksingedalen.

2012:Arkeologdagar på Tveitane på Vaksdal, 2 dagar. Me brukte utgravingane der den nye barnehagen skulle komma og såg på gamle kolgroper og stolpehol etter bygg. Kokegrop med steiking av villaks, arkeologisk utgraving, pil og boge, klinking av båtbord, prøving av klesdrakter. 115 elevar frå skulane Stamnes,Dale,Stanghelle,Vaksdal. I tillegg var det open dag for naboar om kvelden, der ca 40 personar kom.

2013:Steinalderdagar i Skipshelleren, 2 dagar. Kokegrop med steiking av villaks, koking av graut i klebersteinsgryte, pil og boge, laga teikning av helleristingar, bruk av flintkniv, prøving av klesdrakter. 85 elevar frå skulane: Stanghelle,Dale,Stamnes.Eksingedalen.

2014: Kulturminnedagar på Straume på Stamnes, 2 dagar: Kokegrop med steiking av villaks, koking av graut i klebersteinsgryte. eldslaging, karing og spinning, prøving aav tresko, omvising på Dragebryggja og Kallestadstova. 74 elevar frå skulane: Vaksdal, Dale og Stamnes.



På jakt etter steinalderen:

Nettsida for Skipshelleren er ei svært informativ side om det mest kjende kulturminnet i Vaksdal og ein av dei mest kjende steinalderbustader i Noreg.

Skipshelleren vart kommune sin tusenårsstad i år 2000. Ein fekk då bygd eit flott grindbygg. Frå den tid har Vaksdal kommune kunna tilby guiding i Skipshelleren. Snart fekk me enno betre tilrettelegging med utedo og betra kai og stiar. Produktet somme har kalla «På jakt etter steinalderen», har vore svært populært blant lokale og skular frå heile Hordaland. Ca 300 born har vore på dette opplegget kvart år. Frå ca 2004 har lærar Anita Vik har vore frikjøpt som lærar frå Stamnes skule til å gjennomføra prosjektet, som er sjølvfinansierande. Me tek kr 130 pr elev. Dette inkluderer guiding i Skipshelleren i ca 3 timar inkludert ulike aktivitetar, med bål og steiking av pinnebrød.

Vandring under skipshelleren:

Me brukar nesten ein heil time under sjølve Skipshelleren for å få kunnskap om korleis dei levde der for 5-6 000 år sidan. Denne ligg i ca ca 60 m over sjøen. Elevane får klatra litt opp nederst i fjellveggen og sit der på hylleformasjonar medan guiden viser og fortel. Her levde det folk i ca 6500 år og dei la etter seg restar av reiskapar, mat osv. Desse funna fortel oss korleis dei levde der.

Prøv å vera arkeolog: Me har laga egne gravekasser der borna kan få grava i jorda og finna restar etter flint og bein frå steinalderen.

Jungelløype: Her kan borna balansera og klatra i tau i ufarleg høgde like over bakken.

Skyting med pil og boge. Dette er skikkelege trebogar og pilar med fjør tilpassa born. Me skyt på blink og brukar sikkerhetsnett. Denne aktiviteten vert ikkje gjennomført for barnehagar og dei minste skuleborna.

Lag din eigen helleristning: Me har skiferheller med utfresa steinaldermotiv slik at borna kan leggja eit ark over og med hjelp av mose, gras, jord som fargestiftar kan dei laga sine egne avtrykk. Desse kunstverka får dei med seg heim.

Opptenning med bruk av flint:(vert vist av guide) Opptenninga av bålet skjer med bruk av flint og knusk, slik dei gjorde det i steinalderen. Vert gjort i plenum.

Prøv deg som jeger og villsvin: Borna får på seg eit skinn som klede og er jeger på jakt etter medeleven eller læraren som har eit stort hjorteskin på seg og er villsvin. Dette gjev aktivitet og leik for store og små.



4. Handlingsplan

4.1 Økonomiske midlar:

Stat og fylkekommune:

Hordaland fylkeskommune vil etter søknad fordele statlege og fylkeskommunale midlar til eigarar av freda og verneverdige bygningar og anlegg. I tillegg vert det fordelt midlar til tiltak i kulturlandskapet og til fartøyvern.

Kommune og privatpersonar kan søkje fylkeskommunen om midlar til sikring og istandsetjing av freda bygningar i privat eige, verneverdige kulturminne og fartøyvern.

Alle eigarar av kulturminne, med unnatak av Staten og fylkeskommunen, kan søkje om midlar frå dei fylkeskommunale tilskotsordningane.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og ta vare på kulturminna som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Krav til søknaden er: 1. Mål med prosjektet. 2. Framdriftsplan for prosjektet. 3. Beløp som det søkast om. 4. Korleis prosjektet er planlagt gjennomført (til dømes bruk av arkitekt, handverkarar, eigeninnsats). 5. Samarbeidspartnarar. 6. Kva for faglege føresetnader søkjar har for å gjennomføre prosjektet, eventuelt om søkjar har sørga for at prosjektet kan gjennomførast på ein fagleg forsvarleg måte.

Kommunen:

Smil-midlar, (særskilde miljøtiltak i landbruket) er statsmidlar som vert fordelt av kommunen til landbrukseigedommar (med og utan prod.tilskot). I 2014 var potten i Vaksdal på kr 150 000. Kommunen kan innvilge SMIL-tilskot til gjennomføring av tiltak som ivaretek natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet. Kommunane har lokale søknadsfristar og prioriterer søknader etter lokale retningslinjer og ein fleirårig tiltaksstrategi.

RMP-midlar (regionalt miljøprogram) er fylkesvise ordningar for miljøtiltak i landbruket. Jordbruksforetak kan søkje om regionale miljøtilskudd, og det er kommunen som behandlar søknaden. Det er satt av 436,5 millionar kroner over jordbruksavtalen til søknadsomgangen i 2014. Det er krav om at garden er i drift og får produksjonsstønad.

Miljøprogramma skal fremja særskilde miljømål i jordbruket:

- redusere forurensning til vann og luft
- ivareta kulturlandskap og kulturminner
- tilrettelegge for friluftsliv
- ivareta biologisk mangfold

Private stiftingar og fond:

Det fins ei mengd med private stiftingar og fond. Mellom anna Gjensidigefondet som ein kan søkja om midlar hjå

4.2 Framlegg til mål og tiltak:

Hovudmål: Kulturminneplanen skal styrka lokal identitet og motivering for bruk og vern av lokale kulturminne og kulturmiljø.

Delmål 1: Kommunal digital kulturminneplattform.

Tiltak nr	Tiltak	Ansvar	Kostnad/år	Effekt
1	Arbeidsgruppe for digital kulturminneplattform	Kommunen/Vaksdal historielag/fylkeskomm.	år 2015	Auka info
2	Kulturminneportal med virtuelle temakart for kulturminna	Kommunen/ Søk midlar hjå Hordaland fylkeskommune	50 000/ 2015-2018	Auka info
3	Kulturminneplattform/portal. Bruk av kommunal nettside	Kommunen	år 2015	Auka info
4	Utlegging på nett av alle rapportar om kulturminne i kommunen	Kommunen	år 2015	Auka info
5	Laga linkar mot Vaksdal historielag sine nettsider og fotoarkiv med gamle bilde	Kommunen, Historielaget	år 2015	Auka info
6	Laga linkar mot offentlege nettsider med kulturminne	Kommunen	år 2015	Auka info
7	Laga kulturminneløyper på nett for skular, turistar, fastbuande	Kommunen søk midlar hjå fylkeskomm.	Kr 50 000 2016-2018	Auka kunnskap
8	Kontroll om at alle viktige kulturminne i Vaksdal er med i offentlege register	Kommunen, fylkeskommunen	2015-2018	Auka kunnskap

Delmål 2: Formidling av kulturminne

Tiltak nr	Tiltak	Ansvar	Kostnad/år	Effekt
9	Infotave/skilt ved alle viktige kulturminne	Kommunen /lag og org. i bygdene, historielaget	kr 20 000 pr år 2016-2018	Auka kunnskap
10	Infotavle ved nye Vaksdal Barnehage om utgravingane på staden	Kommunen	Kr 20 000 2015	Auka kunnskap
11	Infotavle på Dalegården om utgravingane på staden	Kommunen /fylkeskommunen	Kr 10 000 2016-2018	Auka kunnskap
12	Infotavle ved gravhaugen Kollhaugen på Vaksdal	Kommunen /fylkeskommunen	Kr 10 000 2016-2018	Auka kunnskap
13	Infotavler på Stanghelle om gravrøysene på Tettanaset	Kommunen /fylkeskommunen	Kr 10 000 2016-2018	Auka kunnskap
14	Infotavle i Vik på Stamnes om	Kommunen	Kr 10 000	Auka

	gravhaugane og funna der	/fylkeskommunen	2016-2018	kunnskap
15	Infotavle på Lavik i Eksingedalen om gravhaugane og funna der	Kommunen /fylkeskommunen	Kr 10 000 2016-2018	Auka kunnskap
16	Infotavle i Herfindalen om segna i Vaksdalfjella	Kommunen /fylkeskommunen	Kr 10 000 2016-2018	Auka kunnskap
17	Infotavler, 5 stk, om dei gamle steindammene i Vaksdalfjellet	Kommunen /fylkeskommunen	Kr 20 000 År 2016- 2018	Auka kunnskap
18	Kontakt med Statens Vegvesen om vegskilt til kulturminna våre Skipshelleren med fleire	Kommunen	2015	Folk finn fram
19	Kulturminneløype i alle bygdene med rydding av sti og skilting. Gjensidige har gitt kr 17000 kvar til løyper på Stamnes og Vaksdal i 2015.	Kommunen /lag og org. i bygdene, historielaget, fylkeskommunen	Kr 160 000 (kr 20 000 pr løype) 2016-2018	Auka kunnskap og folkehelse
20	Kulturminnevandringar i bygdelaga	Kommunen / lag og org. i bygdene, historielaget	Kr 10 000 pr år Frå 2016	Auka kunnskap og folkehelse
21	Info og merking av den gamle postvegen mellom Dalseid og Stanghelle	Vaksdal historielag	Kr 20 000 År 2016	
22	Infotvare om brua ved Hesjedalsfossen og vegen mellom Dalseid og Eidsland	Kommunen, Statens vegvesen, historielaget	Kr 20 000 År 2016- 2018	

Delmål 3: Skjøtsel/vedlikehald av kulturminna

Tiltak nr	Tiltak	Ansvar	Kostnad/år	Effekt
23	Oppfyljing av private kulturminne som er i «naud» og som treng tiltak	Kommunen /Hordaland fylkeskommune/landbruksmidlar	Pott på Kr 50 000 pr år som kan søkjast 2016-2018	Ta vare på kulturminne
24	Kurs i å restaurera private kulturminne	Kommunen /fylkeskommunen/lag/ privatpersonar	Frå 2015	Kunnskap om å ta vare på
25	Kurs i nevertaking frå bjørk på Stamnes. Gratis kurs for interesserte	Kommunen /Hordaland fylkeskommune	Kr 1000 Mai 2015	kunnskap
26	Kurs i å leggja nevertak på kvernhus i Øyane og evt. Hesjedalen på Stamnes Gratis kurs for interesserte	Kommunen /Hordaland fylkeskommune	Kr 1 000 Aug. 2015	kunnskap
27	Marerialbank for å kunna restaurera kulturminne. Never, trematerialar	Kommunen /Hordaland fylkeskommune, nabokommunar	Frå 2016	Ta vare på og kunnskap

28	Prioritera tiltak på marine kulturminne	Kommunen / Bergens sjøfartsmuseum, fylket	Frå 2017	kunnskap
29	Den freda Toskedalsstova vert gjenreist på staden der ho stod.	fylkeskommunen	2016-2016	Sikra viktig kulturminne
30.	Sikring av Sjøtun" på Stamnes som fortel fraktehistoria. Her er både båt, motorar, sandgrabb osv.	Kommunen /private fylkeskommune		

Delmål 4: Skjøtsel/vedlikehald av Vaksdal kommune sine kulturminne.

Tiltak nr	Tiltak	Ansvar	Kostnad/år	Effekt
31	Vedlikehald av den freda Kallestadstova og gjenstandane ute og inne	Kommunen søkja midlar hjå Riksantikvaren	Laga kostands-overslag i 2015	Ta vare på bygg og ting
32	Vedlikehald av Skulemuseet på Straume, ute og inne, og gjenstandane Maling, vask,	Kommunen	Laga kostands-overslag i 2015	Ta vare på bygget
33	Vidareutvikla Skipshelleren som opplevingsstad	Kommunen / fylkeskommune	2016-2018	Formidla historien
34	Kommunale historiske kaiar, bruer, vegar (Toskedalsvegen, vegen Bukkestein-Veo, Reislevegeni Eksingedalen m.m.	Kommunen / fylkeskommune	Laga kostands-oveslag og prioriterings-liste	Ta vare på tinga
35	Skjøtsel av vegen Grøttå-Botnen. Reparera etter ras.	Kommune/lokale, fylkeskommune	2016-2018 Kr 500 000	Ta vare på kulturminne

Delmål 5: Omsynet til kulturminna skal integrerast i øvrig kommunal planlegging og verksemd. Kompetansebygging i kommunen

Tiltak nr	Tiltak	Ansvar	Kostnad/år	Effekt
36	Ta omsyn til kulturminna i planlegging av nye tiltak	Kommunen	alltid	Behalda det naturlege miljøet rundt eit kulturminne
37	Inngå samarbeid med Museumssenteret i Hordaland, bygningsvernkonsulentar og kulturverntenst.	Kommunen	Få pristilbud 2015	Får tilført kompetanse for å vurdere tiltak på kulturminna

Delmål 6: Vidare registrering og prioritering av kulturminna i kommunen:

Tiltak nr	Tiltak	Ansvar	Kostnad/år	Effekt
38	Få i gang registrering av ikkje materielle kulturminne, segner, songar, historiar, stadnamn m.m	Kommune/historielag, lokale folk fylkeskommune	2016-2018	Sikra historie
39	Få i gang registrering av kulturminne i fjellet, dyregravar, stølar m.m	Kommune/historielag, lokale folk fylkeskommune	2016-2018	Sikra historie
40	Fortsetja med scanning/sikring av gamle foto frå private i kommunen	Kommune/historielag, lokale folk fylkeskommune	2016-2018	Sikra historie
41	Få ei oversikt over private historiske samlingar i kommunen	Kommune/historielag, lokale folk	2016-2018	Sikra historie
42	Få eit nærare samarbeid med kommunale verksemder for å få fram historien om fabrikkane og produksjon av klede, møblar, kraft, stein, veg, jernbane m.m.	Kommune, verksemder, fylkeskommune	2016-2018	Sikra historie
43	Laga ei prioriteringsliste over viktige kulturminne i kommunen	Kommune/historielag, lokale folk fylkeskommune	2016-2018	Sikra historie

Bilde nedanfor. Gamle prospektkort



Vedlegg:

Ide til Kulturformidlingsprogram i Vaksdal – ein variert sumarmenyen for innbyggjarar og tilreisande


Grendene, skulane, organisasjonar, Vaksdal Museum (kommunen) og andre interesserte samarbeider og vert einige om eit felles kulturprogram for sumarsesongane

Områder	tema	handverk	konsert	kunstsstilling	aktivitetar
Vaksdal	mølleindustrien , utmarksbygningar Herfindal, steinhogging, damanlegg, religiøst stevne med Samnanger i fjellet, Nordviksetra, brattlendt gardsdrift, hoppporten				
Stanghelle	jarnbane , veglause gardar Osterøy, gamlevegen til Dalebryggja,				
Dale	tekstilindustrien, vasskraft, kraftverk, frå rokk til spinnemaskin				
Bergsdalen	ferdselsvegar i fjellet, drifteveg, militærveg , bruer				
Stamnes	sandnæringa, fraktestart, laksefiske, båtutstilling, skutebruk, gatesteinhogging i				
Straume	vedhogst i naustet med fjølhogg, hogging av gatestein i naustet, livet i Skipshellaren, Dyviksamlinga og skulemuseum, båtdragning langs dragebrygga				
Kallestad	Byggjeskikk i strandlinja, bullverk, lunngrind, stø, naust og sjøbu og heis/taubane				
Kallvik	Taubane, bullverk og bratt berg til røysing av skutemaster				
Nordgrenda	fisking med gilja, strandvarpe, Gammersvik, tønne-making i Grøsvik,				
Bolstadfjorden:	ferdsel i meinis, båtdragning på is, vedkløyving med renna, frukt- og Grønsakproduksjon, stutturvslått, bruk av isaslede og kjelketransport av høyr ned bratte liar (aking)				
Veafjorden	Bullverk, brakeledning, ved, never og barkproduksjon, losting				
Eidsfjord	Skogbruk og møbelindustri, husbygging i Sponvikjæ , noving og grindbygging, Kanthogging/ øksing av tømmer				
Eksingedalen :	Fjellbeite, mjølkeproduksjon, stølar, jakt, fiske og elvebåtar				

5 Kart og liste over dei viktigste kulturminna i kommunen

Kart over spesielt viktige kulturminne i Vaksdal som ikkje freda eller verna

AH 11.06.2014



Liste over spesielt viktige kulturminne i Vaksdal som ikkje freda eller verna

Basert på kulturminna som er presentert i notatet *Viktige kulturminne i Vaksdal*

Talet framfor gardsnamnet er referanse til kartfesting av miljøet/kulturminna

- 1 Hana Gnr 8 **Steinbrot**, **Den gamle jernbanetraseen**
- 2 Stavenes Gnr 9 **Steinnaust med sto**. Kanskje 1700-talet.
Våningshus med kyrkjetømmer, truleg frå 1600-talskyrkja
- 3 Sandvika Gnr 10 Restaurert **laksegilja og kvilebu**.
- 4 Langhelle Gnr 11 **Gamal ferdselsveg til Fitjavatnet i Samnanger**
- 5 Ytre Boge Gnr 12 **Løa med brakekledning og Løypestreng**
- 6 Vaksdal Gnr 14 **kulturmiljø**

Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2015-2018

- Vaksdal mølle, Møllestyrarens Villa, Funksjonærbustadar, Arbeidarbustadar: I, II, Synken arbeidarbustad, tømra Kvernhus frå 1722
- 7 Herfindalen Gnr 15 Kulturmiljø**
Drifteveg (Herfindal, Brekke, Lid, Berge) Buhelleren Geil Høysteinen Heller m/ mur (lamhus) Hole under stein m/ mur Feste til løypestreng Ruin etter Uteløe/ vårflor? Demningar Smørtjønna, Klenavatnet, Vardatjønne,
- 8 Sedalen Gnr 16** Tømra Våningshus 1800-talet? Hoppbakke I og II
- 9 Jamne Gnr 17** Tømra Våningshus, Vaksdal jernbanestasjon, Nybanken
- 10 Skreien gnr 18** Steinbrot
- 11 Fossmark Gnr 19** Steinbygd Flor/grindbygd Løe , 1600-talet? Den Vestlandske Træsko og Trævarefabrik
- 12 Stanghelle Gnr 20** Tømra Bustadhus, Grindbygd Smie, røykhus, utedo, Grindbygd Naust med brakeledning, Jernbanebru, Stanghelle Jernbanestasjon
- 13 Helle Gnr 21** Togtunellsteinen, Steinbrygge, Gangsti, Hellestraumen Bru, Naust/skutenaust, Kyrarekkja
- 14 Dale Gnr 22 Kulturmiljø** Rekketunet på Dalegarden, Revebrua, Botlastien, Dale Fabrikker, Messo (Tårnhuset), Dale Fabrikkers Arbeideres Forsamlingshus, Arbeidarboligane, Dalehallen, Dale Kraftstasjon, Bustadhus på Hestavollen BKK, Dale jernbanestasjon, Dalebrygga, Ruin ved Dalebrygga, Gamlevegen mellom Dale og Stanghelle, Solliabakken
- 15 Fosse Gnr 80** Fossestølen, Hengebru, Gamal gardsveg frå Fosse og gjennom Bergsdalen,
- 16 Brekke Gnr 78** Grindbygd Løe med stove, Vårflor, Kvernhus
- 17 Lid Gnr 76/77** Hengebru, Bergsdalen Kyrkje, Vårflor, Gullhorgasteinen
- 18 Hatlestad Gnr 73** Våningshus
- 19 Småbrekke Gnr 71** Feste til løypestreng strekkstokken og steinmurar, Flor/Lamhus, Steinkai ved lamhuset, Militærvegen
- 20 Rødland Gnr 70** Løe/lor, Bru
- 21 Kallvik Gnr 25** Kårhus, Naust og bolverkskai, Grindbygd Løe og tømra flor, Taubane,
- 22 Kallestad Gnr 26 Kulturmiljø:** nothus, naust, sjøbu, bullverkskai, steinbryggja, lunnadrag, sjøveg, taubana
- 23 Toskedal Gnr 28** Kjeldesteinen, Tømra Eldhus
- 24 Grøsvik Gnr 29** Grindbygd Naust, Steinkai
- 25 Gammersvik Gnr 30** Nothengje, Laksegiljer
- 26 Elvik Gnr 31** Ope grindbygd Skutenaust, Ruin etter oppgangssag?
- 27 Mellesdalen Gnr 32** Sjøvegen, Laksehytte
- 28 Simmenes Gnr 33** Laksegilje, Sjøvegen
- 29 Hesjedal Gnr 40** Kvernhus, Gamlastovo, Nyaløo, Skytje, Hesjedalsstølen
- 30 Kalland Gnr 41** Hesjedalsfossen
- 31 Stamnes Gnr 45** Laksegilje (Skiljanaset), Laksegilje (Skolma), Steinhelle/Alter, Stamnes Kai kulturmiljø, åkerreiner, Bullverkskai, Sandgrop, Leirgrop, Steinbrot
- 32 Stamnesleiren** GR.46 2000
- 33 Vik Gnr 47** Øyanaustet, Bolverkskai, Grindbygd naust med sag og tømra bu, Revaovn, Laksegilje,
- 34 Øyo Gnr 48** Tømra kvernhus, Tømra korntørke, Mjølkekjø, Tømra Kvernhus, Øyastølen tømmer
- 35 Straume Gnr 49 Kulturmiljø/kulturlandskapsmuseum**
Bolstadstraumen Bru, Skulehuset, Dragebryggjo, Laksegilje, Naust I-IV, Steinbryggja på bullverk, Ståe, Barkekar, Sjøbu, Symjeplass for beista, Rutebåtkaien, Anderskaien, Gatesteinbrot, Utløa i Ulevikje, Lammhuset, Brakeledd heimeløa med stav med trekanthakk,
- 36 Dyvik Gnr 50 Kulturmiljø** Løe/lor med brakeledning, Kvernhus med korntørke, Smie, Steintrapp, ope skutenaust,
- 37 Dalseid Gnr 51** Kai, Naustmiljø, Krambukjellaren, Brakko, Gamlehuset, Jernbaneskilt, Demning Krokavatnet/sagelva
- 38 Verpelstad Gnr 52** Gardstun, Rydningsrøys, Våningshus, Grindbygd heimeløe, Tømra Kvernhus, Tømra Skytje/eldhus, Grindbygd Naust m tømra bu,
- 39 Furnes Gnr 53 Kulturmiljø** løa med flor til plassmannen, naust, bryggje, smia, heimaløer, våningshus, frukthage, taubane, løypestreng, utløer, m.m.
- 40 Blomdal Gnr 3** Heggebotn Løe med torvtak, Træet Våningshus, Brakeledd løe, Veg frå Heggebotn til Grøttå
- 41 Hesjedal Gnr 4** ruin etter oppgangssag, Mur/uteløe, Mur og tseingard langs elva, Feste til løypestreng, Lad, Ruin av fiskeklekkeri, Hesjedalsbotn Våningshus, Grindbygd Løe/steinbygd, Grindbygd? uthus?, Lad, Skulestove, Ruin kvernhus/ sag?
- 42 Grøttå Gnr 5 Kulturmiljø** Våningshus, Løe/lor, ruin Røykjehus, ruin kvernhus, seks naust
- 43 Faukstad Gnr 6** Nedre Faukstad: steinbrot, salutt/skyteplass, løa og mjølkekjellaren, laksahytta
- 44 Fylingslid Gnr 44**
- 45 Veo Gnr 23** Veg mellom Veo og Bukkestein, to heimaløer, tre vedasjykkjer, Geil, Steinbrygger, skutenaust, Båtverkstad, to kvernhus og tre kvernhusruinar til Veo og Bukkestein, Kulturmiljøet Groli Bnr 5 Kårhus, våningshus, løa med brakeledning, sjykkja, hønsehus, revegard, nothenga, nothus og naust, brønn, rydningsrøyser, styvingar
- 46 Bukkestein Gnr 24** Bukkesteinen, Grindbygd Løe/steinflor, Feste til løypestreng, Styvingar, Våningshus, Løe med

brakeledd vegg, Jordkjellar, Lad og rydningsrøyser, Våningshus, Steinhelle med skålproper, Ruin revegard, Skulehus

47 Kåstad Gnr 43 Restar etter båtstø, Grindbygd øpe naust(m/skjøynebu, Ruin etter oppgangssag, Ruin etter kvernhus, Snellebakken/ruin, Styvingar, Grindbygd naust, Tømra Bu, Potestein, Steinbru, Laksegilje, Laksehytte, Avfallsplass for oskjell, Stemmetjønna Kåstadjellet:

48 Kvamme Gnr 42 Kvamstølen, Tømra Kvernhus I, Tømra Kvernhus II, Laksegilje, Kvamsholmen med naust, Brørvikskuto og barkekar

49 Brørvik Gnr 34 Tømra Våningshus, Tømra Bu, Brønn med ruin etter smie, Ruin etter sirkelsag, Åkerreiner, Rydningsrøyser, Båtstø, Tømra uteløe, Sponvikjæ husproduksjon

50 Eide Gnr 35 Kulturmiljø Kai, to naust, bussgarasje, butikk , butikk og kontor, postkonor, Sandgroper, Våningshus, Løe, Sti mellom Myster og Eide, Vognhus, Gravhaug, A/S Eidsfjord Møbelfabrikk, Elvestrand Trevarefabrikk, Arbeidarbustader

51 Myster Gnr 39 Sagelva, Veggen til Leiro, Møster Bru, Veggen mellom Eidsland og Dalseid, Rokadlhaugen

52 Leiro Gnr 38

53 Eikefet Gnr 36 Tømra Løe, Tømra Kårhus, Vadmålsstampe, vassdriven sirkelsag, Eldhus/bu, tjorefeste for geit, Ljoseberghelleren, Reitlevegen

54 Eikemo Gnr 37 Våningshus, Storeløe, Nyløe, Steinbru, Stemnegard til sag og kvern , Ruin oppgangssag og kvern

55 Høvik Gnr 54 Røykehus, Kjerrehus

56 Vetlejord Gnr 55 Våningshus, Kårhus, Smie, Løe/ flor, Våningshus , To Kraftstasjonshus, Markaløa, naust

57 Flatekvål Gnr 57 Våningshus, Kårhus, Dalastova, Ljosheim/ungomshus

58 Lavik Gnr 58 Gamal flor, Vedskytjo, Steinbygning Røykjahuset, Våningshus, Våningshus Reg.nr 1251/8052, Løe, Bu, Lavikstølen tre sel, Stakkestøe, Kyrkjesteinen

59 Fosse

60 Bergo Gnr 64 Smie/røykehus, Tømra Kvernhus, 4 Ruiner etter kvernhus, Demning, Uteløe, Naust, Gamletunet

61 Nesheim Gnr 65 Eldhus /vedhus/røykehus, Våningshus, Britastova, Smie, Steinbru, Bokstovo, Uteløe, Uteløe

62 Brakestad Gnr 66 Våningshus, Styving


63 Trefall Gnr 67 Våningshus Reg.nr 1251/8090

64 Ekse Gnr 68 Bu, Potetkjellar, Bnr 2 Våningshus med flor i kjellaren, Bnr 4 Våningshus med flor i kjellaren,

65 Gullbrå Gnr 69 Våningshus med løe og flor, Potetkjellar I, Potetkjellar II, Potetkjellar III, Bnr 2 Våningshus, Uteløe, kårhus, Steinstova



Arkeologiske kulturminne i Vaksdal som er freda eller uavklart



Lista er basert på Riksantikvaren sitt Kulturminnesøk for Vaksdal kommune

Talet framfor kvar gard referer til kartfesting av miljøet/kulturminne

http://www.kulturminnesok.no/content/search?search=&searchtype=0&county=12&municipality=1251&culture_environment=0

Navn	Kulturminnetype	Vernestatus	Lokalitets ID:	Art:	Fylke:	Kommune:
1 Hana Gnr 8						
Hana	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	143987	Steinbrudd	Hordaland	Vaksdal
6 Vaksdal Gnr 14						
Vaksdal kyrkjestad	Kirkested	Ikke fredet	85740	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
Tveitane lok 3	Arkeologisk minne	Fjernet (aut. fredet)	138093	Bosetning-aktivitetsområde	Hordaland	Vaksdal
Tveitane lok 2	Arkeologisk minne	Fjernet (aut. fredet)	138091	Bosetning-aktivitetsområde	Hordaland	Vaksdal
7 Herfindalen Gnr 15						
Herfindalen heller 1 lok 1	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	159867	Annen arkeologisk lokalitet	Hordaland	Vaksdal
9 Jamne Gnr 17						
Jamno - Fetts fk. 1/2, Trollkjelshaugen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	25651	Gravminne	Hordaland	Vaksdal
Jamno - Fetts fk. 1/1	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	25651	Gravminne	Hordaland	Vaksdal
12 Stanghelle Gnr 20						
Follavika	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	150910	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
Stanghelle - Fetts fk. 2	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	60479	Bosetning-aktivitetsområde	Hordaland	Vaksdal
Stanghelle - Fetts fk. 1, Tetteset	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	35553	Gravfelt	Hordaland	Vaksdal
14 Dale Gnr 22						

Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2015-2018

Dale - Busetnadsspor (1990)	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	141319	Bosetning-aktivitetsområde		
Dyregrav ved Dalaelvæ II	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	133793	Fangstlokalitet		
Dyregrav ved Dalaelvæ I	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	133792	Fangstlokalitet		
Dale kyrkjestad	Kirkested	Ikke fredet	84015	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
Dale - Fetts fk. 2, Skeie	Arkeologisk minne	Fjernet (aut. fredet)	106679	Gravminne		Hordaland Vaksdal
Dale kyrkjestad	Kirkested	Ikke fredet	84016	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
17 Lid Gnr 76/77						
Bergsdalen kyrkjestad	Kirkested	Ikke fredet	83878	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
21 Kallvik Gnr 25						
Kallvik	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	89175	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
23 Toskedal Gnr 28						
Toskedal - Fetts fk. 1, Kjeldehaugen	Arkeologisk minne	Uavklart	106695	Gravminne		Hordaland Vaksdal
29 Hesjedal Gnr 40						
Hesjedal - Fetts fk. 1, Stølen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	45582	Gravminne		Hordaland Vaksdal
31 Stamnes Gnr 45						
Stamnes - Kvednhusbekken 1	Arkeologisk minne	Uavklart	130844	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
Stamnes Kvednhusbekken 2	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	130845	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
Kvednhusbekken 3	Arkeologisk minne	Uavklart	132539	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
Stamnes kyrkjestad	Kirkested	Fredet (ulike vernetyper på enkeltminnene)	85543	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
Stamnes kyrkjestad	Kirkested	Uavklart	85541	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
32 Stamnesleiren GR.46 2000						
Stamnesleiren	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	130843	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
33 Vik Gnr 47						
Hagavika	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	132540	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
Vikafjordmannen	Arkeologisk minne	Fjernet (aut. fredet)	132536	Funnsted	Hordaland	Vaksdal
35 Straume Gnr 49						
Dragabryggjo	Arkeologisk minne	Ikke fredet	132928	Annen marin lokalitet		
Skipshellervraket	Arkeologisk minne	Uavklart	89339	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
Straume - Nesjatraet	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	35554	Bosetning-aktivitetsområde		Hordaland Vaksdal
Straume - Fetts fk. 1, Skipshelleren	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	15917	Bosetning-aktivitetsområde	Hordaland	Vaksdal
Stove frå Kallestad	Bebyggelse-Infrastruktur	Automatisk fredet	87205	Gårdstun	Hordaland	Vaksdal
46 Bukkestein Gnr 24						
Bukkestein - Fetts fk. 1/1-2	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	15915	Gravfelt		Hordaland Vaksdal
48 Kvamme Gnr 42						
Stuavika	Arkeologisk minne	Uavklart	132538	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
50 Eide Gnr 35						
Eide - Fetts fk. 1	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	15916	Gravminne		Hordaland Vaksdal
Eidslandet kyrkjestad	Kirkested	Ikke fredet	84074	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
51 Myster Gnr 39						
Dalseid-Eidslandet	Bebyggelse-Infrastruktur	Fredningssak pågår	128948	Veganlegg	Hordaland	Vaksdal
55 Høvik Gnr 54						
Hevik - Fetts fk. 1	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	106691	Gravminne		Hordaland Vaksdal
57 Flatekvål Gnr 57						
Flatekvål - Fetts fk. 1, Heimsteneset	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	6091	Gravminne		Hordaland Vaksdal
Eksingedal kyrkjestad	Kirkested	Fredet (ulike vernetyper på enkeltminnene)	84083	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
Flatekval lok 1	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	161325	Dyrkingsspor		Hordaland Vaksdal
58 Lavik Gnr 58						
Lavik - Fetts fk. 1/1	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	25652	Gravminne		Hordaland Vaksdal
61 Nesheim Gnr 65						
Nesheim kyrkjestad	Kirkested	Listeført kirke	85120	Kirkested	Hordaland	Vaksdal
Nesheim - Fetts fk. 1/1-3	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	66545	Gravminne		Hordaland Vaksdal
63 Trefall Gnr 67						
Beinhelleren	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	133799	Bosetning-aktivitetsområde		Hordaland Vaksdal

Usikker lokalisering


Bolstadleira	Arkeologisk minne	Uavklart	89340	Skipsfunn	Hordaland	Vaksdal
Lonane lok 1	Fangstgrop	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	159883	Fangstlokalitet	Hordaland Vaksdal
Raunebrekkena	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	133788	Kullfremstillingsanlegg		Hordaland Vaksdal



Gamle Båttypar i Vaksdal - ei kulturgrense i Veafjorden

Raud trekant tyder Nordhordlandsbåt, færing med fire bordgangar

Blå trekant tyder Oselvar, færing med tre bordgangar



Firborda færing, Haldorbåt, Nordhordlandstypen




Treborda færing, oselvar- og hardangertypen

Kjelde: Båt- og sjøbruksregistreringane i Vaksdal, 1999-2001

Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2015-2018

Bruk av skuter




Gardar i Indre Osterfjord, Veafjorden, Eidsfjorden og Bolstadfjorden der det er registrert bruk av eller spor etter bruk av skuter.

På Helle fortel ein informant at dei hadde skutenaust, men desse skutene var spisse i begge endar, (truleg ein vengbåt). På Grøttå er det registrert ein rest etter eit spesielt båtbord som har nokre trekk som kan tyda bruk i ei skuta/vengbåt.

Kjelde: Båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland og Voss


Bolverkskaiar i Vaksdal



Registrerte bolverkskaiar i Vaksdal, nokre er gamle og nokre er nye

Kjelde: Båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland og Voss

Brakekledde bygningar i Vaksdal



Brakekledde bygningar i Vaksdal, nokre med ny brakeledning og nokon med restar etter brakeledning.

Kjelde:

Båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland og Voss
Kulturminneregistreringane 2012

6. Kjelder/litteratur/dokumentasjon

Kva har vi samla/oversyn over i Vaksdal kommune: (ikkje uttømmende)

Kulturminneregistreringane i Vaksdal kommune, 2012, to rapportar

Bygdebokarkivet : <http://www.vaksdal.kommune.no/artikkel.aspx?Mid1=7&AId=184&back=1&Mid2=57>

Stadnamnregistrering

SEFRAK-registrering

Fotoarkiv kommunalt, Vaksdal historielag

Fett s registrering av fornminne, Førhistoriske minne på Vestlandet

http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html

Ein del lagsarkiv

Dyregraver i fjella

Laksegiljeprosjektet (7 stk inntakt i dag, redda med offentlege midlar i 1997). Ågot

Gammersvik rapport om fangstkulturen.

Stølsregistrering i Eksingedalen

Stølsregistrering i Bergsdalen

Frakteståttane i Stamnes

Krigsminne frå Eksingedalen

Slik minnest me krigstida

Jubileumsskrifter.

Røde kors

Dale Fabrikker, 125-års jubileum

7 kyrkjer og sogene derifrå

Slektssoger

Biletarkiv http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style_hordaland.asp

Marinarkeologiske kulturminner i Vossavassdraget:

http://www.bsj.uib.no/Maritime%20kulturminner%20i%20Vossavassdraget_hva-skjer.htm

Kulturhistoriske registreringar rapport 24-2007 Hordaland Fylkeskommune

Riksantikvaren: <http://askeladden.ra.no/sok/>

Båt- og sjøbruksregistreringar ved Arne Høyland

Ola D.Kvamme har privat samling med reiskapar frå skjelgraving m.m.

Andre private samlingar

Litteratur m.m.

Bygdebøkene

Vakdal historielag årbøker frå 1995 og framover

Sand å føre og singel å selge (Bjørn Fjellheim)

Trua på ein draum, film om Furnes, Helge Haukeland 2008

Film og laksefiskarane og sitjenotfisket , Øyvind Sandberg 1995.



Potesteinen på Kåstad, til v.
Våningshus med løe og flor på Gullbrå.

